
Fra: Ingunn Øvretveit
Sendt: onsdag 28. november 2018 09.59
Til: 'Tone.Anderson.Rud@kiwi.no'
Emne: Salstid jul og nyttårsafta Lindås kommune

Salstida jul og nyttårsafta i Lindås kommune er til kl 15.00.
Sjå gjeldande Forskrift om sala-,skjenke- og opningstider i Lindås kommune

Del II Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune

Vedteken av kommunestyret i møte 18.mars-04 i sak 21/04 – med endring i møte 19.05.05 – sak nr. 40/05, endring i møte 16.06.05 – sak nr. 56/05 og endring i møte 18.05.06 – sak nr. 36/06.
Fastsett med heimel i lov av 2.juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk mv. § 3-7 og § 4-4 og lov av 13.juni 1997 nr. 55 om serveringsvirksomhet § 15.

1. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

a. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 er frå kl. 0900 til kl. 2000 på kvardagar.

b. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl. 0900 til kl. 1800 før søn- og helligdagar. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida til kl. 1500.

c. Løyvehavar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald gruppe 1 er tildekka/ikkje lenger er tilgjengeleg i butikken ved salstidas slutt. Betaling kan imidlertid skje etter dette tidspunkt dersom kunden har forsynt seg med drikken før salstidas slutt.

d. Sal og utlevering av drikk av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai, eller på stemmedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke med lov.

mvh

Ingunn Øvretveit | Saksbehandlar helse og omsorg

E-post: ingunn.ovretveit@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 88

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no

